



**Arbeidstilsynet**

VAR DATO  
14.08.2015  
DYKKAR DATO  
27.05.2015  
VAR SAKSHANDSAMAR  
Edvard Klette tlf 958 14 771

VAR REFERANSE  
2015/28747 263296/2015  
DYKKAR REFERANSE  
hlm arkitektur as  
v/Svein Øvsthus

1

Hordaland Fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN



## **VEDTAK OM SAMTYKKE TIL OMSØKTE PLANAR OG VEDTAK OM GEBYR, Jf. ARBEIDSMILJØLOVA § 18-9 (1)**

**Vi viser til søknad frå hlm arkitektur as datert 27.05.15 om samtykke til planar for  
Nye Voss Gymnas i Voss kommune, gnr. 47, bnr. 129.  
Jf. arbeidsmiljølova § 18-9 (1).**

Vidare viser vi til gjennomgang av planar i møte med ansvarleg søkjar/hlm arkitektur as  
v/Svein Øvsthus på vårt kontor den 26.06.15.

I telefonsamtale med ansvarleg søkjar den 13.08.15 bad vi om avklaring på nokre spørsmål  
knytt til søknaden.

Vi mottok tilleggsopplysningar frå ansvarleg søkjar s.d. der vi fekk vi opplyst at det omsøkte  
tiltaket skal gje plass til noverande:

- Voss Gymnas, alle avdelingar
- Voss husflidskule, alle avdelingar
- Rogne vidaregåande skule, avdeling for Helse og oppvekstfag
- Voss vidaregåande skule, avdeling for Service og samferdsel, Design og handverk,  
Påbygg og Innføring for minoritetsspråklege

Følgjande dokument er motteke:

- Søknad om samtykke med opplysningsskjema, ymse anna informasjon og dokumentasjon, arbeidsmiljøfaktorar, ventilasjonsplanar m.m., situasjonsplanar, fasade-, snitt- og planteikningar m.m.

Vi beheld dokumenta.

### **Arbeidstilsynet si vurdering**

Det er gjort grundig greie for tiltaket i søknadsdokumenta og i møte med arkitekt/ansvarleg søkjar den 26.06.15.

### **Vedtak om samtykke**

Med bakgrunn i opplysningar i søknaden og orientering i møte med arkitekt/ansvarleg søkjar gjev vi samtykke til planane.

Jf. arbeidsmiljølova § 18-9 (1)

Utgangspunktet for Arbeidstilsynet si vurdering er bygget/tiltaket si planløsning slik det er søkt om.



Frå Arbeidstilsynet Vestlandet si side er det ikkje teke omsyn til at tiltakshavar, i utgangspunktet, har nytta ei prinsippløysing frå «Charlottenlund-modellen» vedkomande kontorarbeidsplassar for lærarar .

Samtykke vert gjeve på bakgrunn av opplysningar og planar som låg føre på tidspunktet for vedtaket. Samtykke er ikkje ei godkjenning av lokala eller arbeidsplassen.

At vi gjev samtykke til planane betyr ikkje at Arbeidstilsynet går god for at alle krava til fysisk arbeidsmiljø er teke i vare. Det er tiltakshavar/arbeidsgjevar som har ansvaret for at lov og forskrift vert halde og at arbeidsmiljøet i arbeidslokala til ei kvar tid er tilfredsstillande.

Jf. § 1-3 i tinging nr. 702 ”Forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler”.

### **Vedtak om innbetaling av gebyr**

I fylgje forskrift til arbeidsmiljølova om gebyr for byggesaksbehandling, jf. § 9-1 i tinging nr. 702 «Forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler» og § 14-1 i tinging nr. 706 «Forskrift om administrative ordninger på arbeidsmiljølovens område» skal det betalast gebyr til Arbeidstilsynet ved behandling av søknad om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9 første ledd.

Kor store gebyrsatsane vert, kjem an på kva type tiltak og storleiken på tiltaket.

For nærare informasjon om gebyrordninga sjå [www.arbeidstilsynet.no/gebyr](http://www.arbeidstilsynet.no/gebyr).

Med bakgrunn i opplysningane i søknaden har vi plassert tiltaket i kategori **2e** og sett gebyret til kr. 7.500,-.

Gebyret for saksbehandlinga skal betalast av tiltakshavar. Faktura vert sendt i eiga sending. Dersom gebyret ikkje vert betalt av tiltakshavar innan betalingsfristen, vil vi tvangsinnndrive gebyret med tillegg av kostnader.

Vi ber om at det vert vist til vår referanse 2015/28747 ved seinare kontakt eller korrespondanse i denne saka.

### **Høve til å klaga**

Partane kan klage på vedtak og gebyr frå Arbeidstilsynet, jf. forvaltningslova § 28.

Fristen for å klage er tre veker frå dette brevet er motteke, jf. § 29. For nærare informasjon om klageinstans, framgangsmåte ved klage og retten til å få sjå saksdokumenta, sjå

[www.arbeidstilsynet.no/klage](http://www.arbeidstilsynet.no/klage).

### **For meir informasjon**

De kan finne meir opplysningar om arbeidsmiljø og aktuelle reglar på [www.arbeidstilsynet.no](http://www.arbeidstilsynet.no) eller [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no) eller vi kan kontaktast på telefon 815 48 222.



For Arbeidstilsynet Vestlandet

Johs B. Lægland  
tilsynsleiar  
(sign.)

Edvard Klette  
seniorinspektør  
(sign.)

*Dette brevet er godkjend elektronisk i Arbeidstilsynet og har difor ingen signatur.*

Kopi til:

Ansvarleg søkjar, hlm arkitektur as  
Hovudverneombod Kåre Tveite, Voss vidaregåande  
skule

Verneombod Helge Finne, Voss Gymnas  
Verneombod Kristin Garatun, Voss Husflidskule

Verneombod Ingebjørg Johnsen, Rogne vidaregåande  
skule

Voss kommune, Kommunalavdeling for tekniske  
tenester/byggesak

C. Sundtsgt. 1 5004 BERGEN  
Brynaskogen 27 5705 VOSS

Gymnasvegen 12 5700 VOSS  
Eskelandsvegen 5704 VOSS  
8

Sjukehusvegen 3 5704 VOSS

Postboks 145 5701 VOSS

